

# DIGITAL RADIO ERSTATTAR FM I 2017

## KVA BETYR DET FOR DEG?

Det digitale radioskiftet for dei riksdekkjande kanalane blir gjennomførte fylkesvis. Mange lokalradioar sender som før på FM. Du kan høyre på digitale radiosendingar via DAB+, internett og tv.

**RADIOAPPARATET:** Ein DAB+-radio kan ta inn FM-sendingar. Vil du behalde FM-radioen din, kan DAB+-adapter vere ei løysing. For hjelp til å velje radioutstyr, ta kontakt med ein elektronikkforhandlar.

**KANALSØK:** Om du flytter radioen til ein annan stad, bør du gjere eit nytt kanalsøk. Då vil radioen kunne ta inn tilgjengelege kanalar. Hugs også å trekkje ut antenne før kanalsøket slik at du får best mogeleg signalmottak.

**DEKNING:** NRK sine kanalar, kommersielle kanalar og lokalradio kan ha ulik dekning i DAB-nettene. For å undersøkje kor det er DAB+-dekning og kva kanalar som er tilgjengelege, sjå nettsida [medietilsynet.no/digitalradio](http://medietilsynet.no/digitalradio)



[www.medietilsynet.no](http://www.medietilsynet.no)

## RADIO I BIL

Har du bil utan digitalradio, kan du byte ut heile radioen eller få ettermontert ein adapter. Spør ein forhandlar om råd.

For å sikre best mogeleg signalmottak er det viktig med ei god og korrekt montert antenne. Ein del radiokanalar blir sende regionvis. Har bilradioen din ein automatisk frekvensskiftefunksjon, byte radioen mellom regionane for deg - i motsett tilfelle må du søkje manuelt.

## RETUR AV RADIOAR

Byter du ut den gamle radioen din, må du hugse at den skal gjenvinnast. Alle forhandlarar som sel radioar skal ha ei returordning. Informasjon om retur og gjenvinning finn du på [sortere.no](http://sortere.no)